

Vedlegg 2) til US 10/30

Kostnad knytt til dei ulike prosjekt.

- 1) SV-bygg med Studenthus er kostnadsrekna til 140 millionar, og husleierekna til 10 millionar pr år. Dette er eit samprosjekt med to bygg, med felles VVS og straumforsyning. Av dette er direktekost knytt til studenthuset 17 millionar. Skulle ein gjera det val å kutta ut SV-bygget, men likevel halda på studenthuset, vert kostnaden for studenthuset monaleg større. Vi har berre gjort overslag, men prisen vert truleg 22-24 millionar, sidan det må setjast opp eigen ventilasjon, eigen straumsentral, eigne system for tilførsel og avløp, samt auka storleik på bygget. I tillegg kjem kostnader knytt til det trekkja seg for pliktingar vi alt har akseptert. Statsbygg har peika på at 12-14 millionar alt er brukt, og at dei har kontraktfesta arbeid hjå rådgjevarane sine for totalt 20 millionar. Vil ein seinare byggja SV-bygget i tillegg, kan vi unngå eventuelle kostnader med brot, om vi set ein dato ikkje for langt fram til oppstart. Men då vert nok totalkost uansett godt over 150 millionar.
- 2) Bjergsted. Den gamle kulturskolen planlegg vi å leiga av kommunen. Dette er det inngått ein intensjonavtale om. Årleg leige vil truleg vere ein eller annan stad mellom 1 og 2 millionar, alt etter kva vi legg inn av oppgradering og nye dansesalar. Trongen for dansesalar er avhengig av korleis trongen for salar utviklar seg på Institutt for Musikk og Dans. Men nett no er stoda at fakultetet planlegg auka verksemd parallelt med at vi misser plass i dei salane vi i dag nyttar hjå kommunen.
- 3) Bygget der Oljedirektoratet held til. Her kan UiS få leiga inntil 7500 kvadratmeter med areal til kontor og undervisning. Til samanlikning er Arne Rettetals hus 10.500 kvadratmeter. Husleige er sett til 17 millionar i året. Dette er særers rimeleg for areal som ligg sentralt plassert for oss. Arealet vert fristilt fordi huseigaren tilpasser bygget ut frå ny trong hjå OD og Petroleumstilsynet.
- 4) Laboratoriebygg. Det Teknisk-naturvitskaplege fakultetet er i gong med å rasjonalisera laboratoriebruken sin. Slik sett burde dei greie å ta unna ein del vekst i eksisterande areal. Unnataket er betonglaboratoriet. Det er støyande og forureinande, og bør difor vere i eige bygg. Eksisterande betonglab er alt for liten, nedslitt og i mellombels bygg. Kostnad er førebels grovrekna til 60 millionar, og husleige vert truleg mellom 4 og 5 millionar. Bygget skal ligga nord for KE-bygget og vere på 1500 kvm i tre høgder.
- 5) Diverse ombyggingar. Sjølv om basisgruppa med studenter på bachelor ikkje har auka så veldig mykje, skjer det endringar i samansetjing av gruppa. Det vert stendig fleire store grupper, som treng både nye auditorium og små rom for oppgaveløysing og gruppearbeid. Sidan vi i hovudsak har middelstore undervisningsrom, må det ombyggingar til for å stetta trongen. Kva dette måtte kosta er vanskeleg å seia. I dette oppsettet er det førebels sett opp ein stad mellom 40 og 50 millionar, som vi planlegg å løysa gjennom husleigekontraktar. Alternativt kan dette løysast gjennom direkte investering. Då aukar ikkje husleiga.